


# Fløholmen og Grønholmen

Notat  
22. nov. 2021 / VM

Kommuneplankartet - og situasjonsplanen for den omsøkte flytebraggja :



Den svarte stipla streken i kommuneplankartet («byggjegrænse i sjø») verkar å vera samanfallande med ei oppfatning av at det går ei slags eigedomsgrænse mellom Fløholmen og Grønholmen - og at Grønholmen dermed ikkje fullt ut tilhøyrer Fløholmen AS - trass i at Grønholmen inngår i bnr. 12 i det offentlege kartverket og er disponert til industri i kommuneplanen.

Hordabø heradstyre 1961 - 62

Sak 119. Da firma S. Munch har sett fram  
ønskje om å kjøpa Grønholmen,  
som til <sup>tilleggs</sup> fabrikkdomen har ein i dette høve  
fått undersøkerfa av alle eigarar  
på Øvre og nedre Kvalheim ka dei  
segger seg villig å selja etter takst.  
Heradet vil i høve dette få ved-  
sett denne holmen <sup>med takst</sup> til fordel for firma  
S. Munch.

Møtet slutt.  
Bjørn Ståland.

Johs. Bøe  
Robert Fom

Møte og godkjenning av sak nr. 119/61  
samt heradstyre. 24/9/61

Sak 119/61 : Alle grunneigarane på Øvre og Nedre Kvalheim hadde då skrive under på at dei ville selja Grønholmen etter takst.

U t s k r i f t

av møteboka for Hordabø heradstyre i møte den 24. sept.  
1962 kva vedkjem sak nr. 128.

Med det ein viser til tidlegare vedtak sak nr. 119/61 i heradstyret der det er gjort vedtak om å kjøpa Grønholmen av Kvalheim. A/S Elektromotor har søkt om å få grønholmen til industritomt i tillegg til det han har før. Eigarane har sagt seg villig å selja Grønholmen, men då det no er uråd å få nokon å krava skyldskifte på holmen gjer Hordabø heradstyre samrøystes vedtak om ~~ordning~~ ordning av Grønholmen dersom det no ikkje kjem i stand minneleg ordning om sal.

Dette vert hermed meldt.

HORDABØ FORMANNSKAP d. 6. oktober 1962.

Johs. Bøe  
Johs. Bøe.

Går til form. i Hordabø tiltaksnemnd til vitring.

24. sept. 1962 : «...uråd å få nokon til å krevja skyldskifte på holmen.....»

Utsifting av øvre Kvalheim utmark og nedre Kvalheim inn- og utmark 1860

KART

over Gaarden

circa QVALEIM's Uedmark

og

nedre QVALEIM's Ind- og Uedmark

Kart N<sup>o</sup> 174 15 af Skyld 22 96 31 21 1/2

Mangens Thingloeg

Nordhordlands Fogderi

Søndre Bergenhus Amt

Udenbæde


Aar 1860

af

Franci

Framlagt i jordskifteretten, Kvalheim 15/5-1961.  
Sverre fastal  
jordskiftedomar

Framlagt i jordskifteoverrett 23/4-1963  
Jordliiv Haugen  
jordskifteoverdommar



Utsnitt av jordskiftekartet frå 1860.

Fløholmen var i 1860 **innmark** under Kvalheim Øvre.

Innmarka på Kvalheim Øvre var ikkje med i skiftefeltet og er difor heller ikkje innteikna på utskiftingskartet.

Grønholmen var på denne tid neppe landfast med Fløholmen – og vart difor rekna som felles **utmark**.


Jordskiftekartet viser at Grønholmen, Lyngholmen og Sandholmen alle vart tillagt lott H på Kvalheim Nedre (no bruk nr. 11 og 12), saman med Byngja (no bnr. 79 inklusive Sandholmen, tilhøyrande Bergen og Omland Friluftsråd) og Nordre Byngja (no bnr. 37 inklusive Lyngholmen og Grønholmen, tilhøyrande Fløholmen AS).

Det som eventuelt framleis kunne vera att av felles interesse etter utskiftinga, må ha vore eit hefte med nokolunde slikt innhald (døme henta frå utskiftingsprotokollen for Villanger og Rosnes utmark 1908) :

.....eier hver strandlinje for egen lot, dog med den begrænsning at indtægter ved salg eller bortleie av strandlinje til salterier i i større udstrækning eller i anledning av grubedrift eller større industrielle anlæg, bliver at fordele efter skyldforholdet paa samtlige skiftefæltets loteiere med fradrag av godtgjørelse til grunneieren for skade og ulemper for grunneieren forvoldt paa hans lot....

Slike krav vil no vera forelda.

## Regulering 2011



Frå kommunens saksutgreiing :

Grønholmen er felleseige. Denne burde ha vore med i planen og definert til føremål naturområde. Dette for å gjere det synleg at denne ikkje skal rørast.

### PLT-015/11 VEDTAK:

Detaljplan for Fløholmen med næringsareal og småbåthamn vert godkjent for offentlig ettersyn. Før planen kan leggjast ut må følgjande endrast:

- Planområdet vert utvida slik at fylkesvegen vert inkludert fram til krysset med Marøyvegen
- Na 1 må utvidast i sørvest.
- Grønholmen må inn som naturområde
- Det må inn sanitæranlegg i planen
- Føresegnene må oppdaterast etter endringar i kartet.
- Føresegnene må innehalde eit punkt om rekkjefølgje på utbyggingstiltaka.
- Alle arealføremål må beskrivast i føresegnene.

Grunngjeving for vedtaket er at framlegget til plan er i tråd med arealbruk som er foreslått i revidert kommuneplan. Arealbruken på land er i tråd med gjeldande kommuneplan.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova §§ 12-10 og 12-11.

### Konklusjonar :

- Kommuneadministrasjonen har feilinformert : Grønholmen er **ikkje** felleseige
- Lyngholmen utafor Nordre Byngja tilhøyrer tvillaust gbnr. 428/37 Nordre Byngja (Fløholmen AS) og bør få påskrifta 428/37 i det offentlege kartverket.